



Småkraft As
Postboks 2389, Solheimsviken
5824 Bergen

Dykkar ref.

Vår ref.

26/6657 - 2

Dato

10.07.2026

Saksnr.	Utval
02/26	Formannskapet, Plan og økonomi

Løyve til oppretting av festepunkt for inntak - gbnr. 409/1 - Rasdalen kraftverk

Voss herad har motteke dykkar søknad 01.07.2026, og har registrert brevet i sak: 26/6657 .

Tiltak:

Festepunkt for inntak, Rasdalen kraftverk

Byggjestad:

Gbnr: 409/1

Tiltakshavar:

Småkraft As

Vedtak

Voss herad gjev løyve til oppretting av festepunkt som omsøkt frå gnr/bnr 409/1, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1 og 26-1.

Følgjande vilkår ligg til grunn for løyvet:

1. Løyvet etter plan- og bygningslova er gjeve i samsvar med innsendt situasjonskart av 07.10.2025.
2. Dersom matrikkelføring ikkje kan gjennomførast i tråd med matrikkellova fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9 fjerde ledd.
3. Sakshandsamingsgebyr skal betalast. Gebyrkravet vert ettersendt.

Saka vert vidare handsama etter matrikkellova av oppmålingsavdelinga. Partane vert varsla til oppmålingsforretning innan gjeldande frist.

Saksutgreiing

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 26-1.

Nabovarsel:

Oppretting av festepunkt er ikkje nabovarsla, og Voss herad har friteke søkjar for nabovarsel, jf. pbl. § 21-3 andre ledd.

Informasjon om saka:


Det er søkt om oppretting av festepunkt for inntak som høyrer til Rasdalen kraftverk. Det er også søkt om konsesjon for leige av fallrettar hjå landbrukseigedomane gnr/bnr 409/1, 2 og 3.

Konsesjonssøknaden vert handsama i eiga sak.

Inntaket ligg i LNFR-område i arealdelen til kommuneplanen, men heradet legg til grunn at saka gjeld frådeling til uendra bruk og er ikkje avhengig av dispensasjon frå føremålet. I tillegg er opninga for å vurdera arealbruken etter plan- og bygningslova avgrensa i vasskraftsaker, jf. Rettleiing 3 2010:

Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker.

Det er søkt om deling etter jordlova § 12. Reglane om omdisponering og deling etter jordlova § 2 tredje ledd gjeld ikkje for tiltak med konsesjon etter energilova § 3-1, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova, jf. rundskriv M-2/2021 *Driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova*.



Utklipp av situasjonsplanen frå søknaden.

Grunngjeving

Vurdering/drøfting:

Søknaden er vurdert til å vera i tråd med plan, jf avsnittet Informasjon om saka.

Eigedomsutforming:

Eigedommen er vurdert etter pbl. § 26-1. Det vert vurdert at det ikkje vert oppretta festetomt som er ueigna til bygnad på grunn av si form, storleik eller plassering som følgje av frådelinga. Det skal opprettast festepunkt for inntaket.

Adkomst, vatn og avlaup

Dette er ikkje eit relevant vurderingstema.

Tilhøvet til utvalde naturtypar

Søknaden er vurdert etter §§ 8 -12 i naturmangfaldlova. Me kan ikkje finna at tiltaket påverkar naturmangfaldet negativt.

Krav til byggegrunn

Søknaden er vurdert etter § 28-1 i plan- og bygningslova. Eigedommen er sjekka opp imot NVE sine faresonekart.

Det aktuelle arealet ligg i aktsemdsområde S2 for snøskred utan skogeffekt, og i omsynssone Skredfare Om310 i kommuneplanen. For desse områda seier kommuneplanen at «*Ved plan- og byggesaker vert det stilt krav om utgreiing av reell skredfare av fagkyndige før ei eventuell utbygging kan skje.*» Anlegget er i dette tilfellet utbygd, og det vert lagt til grunn at vurdering av potensiell skredfare er gjort i byggesaka. Det vil heller ikkje vera mogleg å skilja festet frå landbrukseigedommen seinare. Ut frå desse momenta vert det ikkje sett krav om å leggja fram skredfarevurdering.

Etter heradet si vurdering føreligg det tilstrekkeleg tryggleik mot fare og/eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i vurderinga over har Voss herad kome fram til at løyve til oppretting av punkt feste kan innvilgast.

Gebyr

Type	Merknad	Pris	Mengde	Beløp	Mottakar
Fradelingsgebyr	§ 3-3 c.	15000	1	15 000	Småkraft As

Tiltakshavar må betale eit gebyr på kr. 15 000,- for handsaming av delingssøknad etter PBL § 20-1 bokstav m, jf. § 3-3-c i Voss herad si gebyrforskrift for byggesak 2026.

Klagefrist

Vedtaket kan klagast på, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage må leggjast fram skriftleg til heradet innan tre veker etter at vedtaket er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Me gjer merksam på at ei klage kan føra til at vedtaket blir oppheva. Me rår dykk difor til å vente til klagefristen har gått ut før de tek til med arbeidet med frådelinga.

Med venleg helsing

Oddbjørg Vestrheim

Tlf: 418 63 058

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

Kopi til

Oppmåling